

## Referat frå styremøte nr. 1-2022

**Dato:** Fredag 21. januar 2022

**Tid:** kl. 10.00-12.00

**Stad:** United Future Lab Norway på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund og Teams

### Til stades frå styret:

*Fysisk til stades på møtestaden:*

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)

*Til stades i møtet på Teams:*

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Monica Molvær (politikar i Ålesund kommune)

1. vara Lena Landsverk Sande (ordfører i Vanylven kommune)

### Frå administrasjonen i SR:

*Fysisk til stades på møtestaden:*

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

### Referent:

Vegard Austnes

**Sak 1/22: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Innkallinga vart godkjend.

Saker til eventuelt var:

1. saker frå 1. varamedlem Lena Landsverk Sande:
  - a) skal Sunnmøre Regionråd engasjere seg for lokale samband, t.d. Rovdefjordsambandet?
  - b) kvifor kan det vere vanskeleg å få dekt pasientreiser?
2. orientering frå dagleg leiar Jan Kåre Aurdal om e-post frå kommunedirektør i Volda kommune Rune Sjugard med tips til saker som kan takast opp i Sunnmøre Regionråd.

**Sak 2/22: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 7-2021 (19.11.21)**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå styremøte nr. 7-2021 vart godkjend.

**Sak 3/22: Dialogmøter mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane. Korleis vert det kommunisert tilbake til eigen kommune? Ved styremedlem Eva Vinje Aurdal og styremedlem Sølvi Dimmen**

Styremedlem Eva Vinje Aurdal og styremedlem Sølvi Dimmen er deltakarar i partnerskapsmøter mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane i Helsefelleskap Møre og Romsdal.

Det er viktig at kommunane melder saker til partnerskapsmøter, og at det som kjem fram i partnerskapsmøter vert meldt tilbake til kommunane. Sunnmøre Regionråd må ha formøter før partnerskapsmøta, elles vert det berre å ta imot orientering frå helseføretaket.

Dagleg leiar foreslo å invitere til eit møte mellom ordførarar, kommunedirektørar og kommunalsjefar, samt adm.dir. og samhandlingssjef i Helse Møre og Romsdal. Han fekk i oppgåve å undersøkje om det er mogleg å få til dette i samband med det tillyste representantskapsmøtet 4. februar. Helseføretaket sin bygningsmessige utviklingsplan er eit aktuelt tema til møtet. Andre tema er legeutdanning ved NTNU i Ålesund og orientering frå Pasientreiser HF om regelverket for pasientreiser.

Sunnmørskommunane sine representantar i samarbeidssekretariatet vert invitert til møtet.

#### **Sak 4/22: Evaluering av dei 2 siste representantskapsmøta i 2021**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dei 2 siste representantskapsmøta i 2021 var møter med eit gjennomgåande tema per møte. På det nest siste møtet i 2021 var temaet samferdsel, medan på det siste møtet var temaet marin næring.

I evalueringa av representantskapsmøta i styret vart det m.a. trekt fram følgjande:

- Det er å legge seg på ei linje der ein får fagleg påfyll som politiskar.
- Ein ønskjer fleire små pausar slik at ein kan bygge nettverk.
- Media kunne ha vore invitert, og det kunne ha vore sendt ut pressemelding med bilder i etterkant av møta.

Styremedlem Monica Molvær kom med eit innspel om å å lage ei oversikt over alle sakene som regionrådet får inn og status på oppfølging. Oversikta kan t.d. sendast ut til representantskapet eller leggjast på nettsida for å vise saksportefølje og oppfølging.

#### **Sak 5/22: Orientering om nytt fengsel på Sunnmøre - Sunnmøre soningscenter**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar og arbeidsgruppa for nytt fengsel på Sunnmøre er i gang med å lage ein ny presentasjon (nytt kunnskapsgrunnlag). Arbeidsgruppa ønskjer å presentere for justisministeren, Mørebenken på Stortinget og eventuelt justiskomiteen på Stortinget. Det hastar med å kome med innspel til statsbudsjettet om saka.

#### **Sak 6/22: Vidareføring av arbeidet med Eksportvegen (E-136) Ålesund-Dombås. Kva rolle skal Sunnmøre Regionråd ha i dette arbeidet/selskapet?**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Saka er ei oppfølging av sak 57/21 på førre styremøte nr. 7-21. Styret konkluderte då med at Sunnmøre Regionråd vil ta ei rolle i det vidare arbeidet med Eksportvegen (E136) i samarbeid med Ålesund kommune, og at styret skulle kome tilbake til saka.

Ålesund kommune vil utarbeide ei sak om val av organisasjonsform, vedtekter, økonomi, drift m.v. for Eksportvegen (E136).

Spørsmålet til vidare drøfting i styret var kva slags rolle Sunnmøre Regionråd skal ha i det vidare arbeidet med Eksportvegen (E-136).

I drøftinga i styret vart det m.a. peika på følgjande:

- Kan ein sjå arbeidet med Eksportvegen (E-136) i samheng med fylkesveg 650 for å få heile vegsystemet til å fungere godt?
- På søre Sunnmøre er det RV 15 som er ferdselsåre, ikkje Eksportvegen (E-136).
- Dersom Sunnmøre Regionråd tek ei rolle i høve til Eksportvegen (E-136) vert det forventningar om at regionrådet også bidreg til andre samferdselsprosjekt.

### **Sak 7/22: Fastlegeordninga**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Deltakarkommunar har teke kontakt med dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd når det gjeld fastlegeordninga. Det er m.a. utfordringar med å få tak i fastlegar, og innleige av vikarar er dyrt.

Dagleg leiar har vore i dialog med KS Møre og Romsdal med tanke på å følgje opp saka gjennom KS sentralt. I tillegg ser dagleg leiar det som aktuelt å ta opp saka direkte med regjeringa og med Mørebenken på Stortinget.

Dagleg leiar følgjer opp i høve til kva KS gjer med saka og kjem tilbake til styret.

### **Sak 8/22: Orientering om andre saker Sunnmøre Regionråd arbeider med**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

#### **Orientering frå dagleg leiar om førebels rekneskap for 2021.**

Dagleg leiar orienterte styret om at Sunnmøre Regionråd får eit underskot på over 1 million kroner i 2021. Underskotet kjem m.a. av manglande inntekter i prosjektet om skule- og barnehageutvikling.

Frå styret vart det peika på at det er ein krevjande situasjon, og at styret vil kome tilbake til saka på neste styremøte når rekneskapa for 2021 er avslutta.

### **Sak 9/22: Eventuelt**

#### **1. saker frå 1. varamedlem Lena Landsverk Sande:**

##### **a) skal Sunnmøre Regionråd engasjere seg for lokale samband, t.d. Rovdefjordsambandet?**

Kommunestyret i Vanylven kommune ønskjer å vite kva Sunnmøre Regionråd gjer for Rovdefjordsambandet, og har invitert dagleg leiar til eit kommunestyremøte.

Det var forslag i styret om å ta opp samferdsel som tema på representantskapsmøtet 9.-10. juni, og la selskapa som arbeider for dei ulike lokale sambanda få presentere seg. Ein vil då få eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Vidare var det forslag om å invitere samferdselsutvalet i fylket til møtet.

**b) kvifor kan det vere vanskeleg å få dekt pasientreiser?**

Jf. sak 3/22 er det aktuelt å invitere Pasientreiser HF til neste representantskapsmøte for å orientere om regelverket for pasientreiser.

**2. orientering frå dagleg leiar om e-post frå kommunedirektør i Volda kommune Rune Sjugard med tips til saker som kan takast opp i Sunnmøre Regionråd**

Sjugard tok 9. desember 2021 kontakt med dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd med tips til saker som kan løftast opp i regionrådet. Sakene var manglande tenestetilbod dei mest psykisk sjuke, kostnadsveksten i pleie- og omsorgstenestene og IT-sikkerheit.

Møtetida strakk ikkje til å handsama denne saka.